



# **PROGRAM**

## **Kommunestyrevalet**

### **1999**



<b>VERDT DI STEMME?</b>	<b>s. 2</b>
<b>DET NORSKE SAMFUNNET</b>	<b>s. 4</b>
<b>Høyanger RV sitt program 1999 – 2003</b>	<b>s. 6</b>
<b>Høyanger RV si valliste 1999</b>	<b>s.11</b>

## VERDT DI STEMME?

### VAREMERKE

RV har vore representert i Høyanger kommunestyre sidan 1984 – først med berre 1 representant og deretter, frå 1995, med 2 representantar. Aukande røystetal syner at veljarane set pris på RV sin innsats og meiner partiet trengst i kommunestyret.

Nokre saker står for alltid som varemerke på RV:

- RV har meir enn andre stilt kritiske spørsmål til kommunen sin tilsetjingspolitikk. I nokre tilfelle, ser vi at det er partitilsetjing, kjennskap og venskap. I andre tilfelle har det vore meir skjult. DNA har ikkje vore særleg begeistra for RV sine kritiske spørsmål. Vi trur veljarar flest sett pris på kva RV gjer – ikkje minst når DNA sin helse- og sosialpolitiske talsmann, Varden, vart tilsett som vikarierende helse- og sosialsjef.
- RV har ikkje godteke anna teieplikt enn den som gjeld personvern. RV vil bryte teieplikt som har til føremål å dekke over feilgrep og maktmisbruk frå kommunetoppar.
- RV har vore åleine som parti mot veksten i kommunale avgifter. Partiet har nokre gonger røysta mot veksten – andre gonger for å avgrense veksten til generell prisvekst eller til lønsauken. RV gjekk mot at kommunestyret skulle overlata til styret i E-verket å fastsetje strømprisane.
- RV er for gratis barnehagar, men ser gradert foreldrebetaling, dvs. betaling etter inntekt, som eit viktig steg på vegen. Vi fekk vedteke krav om å utgreie gradering, men utgreiinga var så mangelfull og feilaktig at RV ikkje kunne røyste for framlegget. Framlegget ville nemleg ha innebore ein uakseptabel vekst i foreldrebetalinga for dei

med vanlege inntekter.

- RV har stått åleine mot eigendelar på helse-/ sosialtenester, men har ikkje eingong fått gjennomslag for å bremse veksten. Det er urimeleg at folk som har helsemessige og sosiale påkjenningar også skal kome dårlegare ut økonomisk enn "friske". Eigendelane svekar også prinsippet om lik rett til grunnleggjande tenester.
- RV har vore åleine om reduksjonar i politikargodtgjersle. Det er urimeleg at kommunestyrerepresentantar skal ta seg betalt medan medlemar i frivillige lag og organisasjonar ofte må leggje ut av eiga lomme. Medlemar av t.d. idrettslag og sanitetslag, gjer gratisarbeid for å aktivisere andre og for å drive omsorg. Politikarar tek seg betalt for å flytte pengar. RV har t.d. påpeika at kommunestyret, ved å halde møta på kveldstid, kunne spare 200-300.000 kr. Dette er pengar som kunne kome betre til nytte meir enn ein stad – t.d. drift av eit Ungdomens Hus, ei ekstra stilling i heimesjukepleien e.l..
- RV har sjeldan fått støtte frå andre parti for påplussingar eller mot nedskjeringar. Men ingen regel utan unntak – RV har i samband med årsbudsjett fått fleirtal for auka løyvingar til kurs for barnehage-/skuletilsette og for helse-/sosialtilsette, og dagsenteret har i 1999 fått det tal tilsette som RV først føreslo.

## SISTE PERIODEN

RV har ingen problem med å trekkje fram kva positive vedtak som er gjort i inneverande kommunestyreperiode. Det er heldigvis ein heil del ...

Men først og fremst to saker kastar store mørke skuggar over perioden – nedlegging av Lavikdal skule og sentralise-

ring av sjukeheimplassane frå Lavik til Kyrkjebø (eller Høyanger?). Kommuneadministrasjonen hadde økonomisk grunngeving for både desse negative vedtaka – og kommunestyrefleirtalet beit på.

Det vart påstått at nedleggjinga av Lavikdal skule ville innebære innsparing på 300.000 kr. RV vil, til det motsette er vist, hevde at nedleggjinga ikkje gav noko samfunnsmessig innsparing. Men – innsparing eller ikkje - RV går aldri i verda inn for nedleggjing av grendaskular for å spare pengar.

Sentralisering av sjukeheimplassane frå Lavik til Kyrkjebø (eller Høyanger?) er eit kapittel for seg. Her fekk kommunen sine byråkratiske og politiske toppleiarar kommunestyret til å tru at innsparinga var rundt 10 mill. kr. Saksframstillinga var så uklar at representantane gjekk seg ville i tåka, rådmannen måtte seinare vedgå at innsparinga var berre rundt 1 mill. kr og fylkesmannen måtte difor underkjenne vedtaket. Men då var det gått prestisje i saka og nedleggjingsvedtaket vart stadfesta.

Desse to sakene står som kjenneteikn på RV sin viktigaste funksjon i kommunestyret – funksjonen som talerøyr for menneskeverd, samfunnskvalitet og "utkantar" – og mot snevre økonomiske interesser og sentralisering. RV oppnådde her å verte det fremste talerøyret for dei som i desse tilfella vart trakka på – RV fekk praktisert slagordet sitt "Med folk mot makta".

## DET NORSKE SAMFUNNET

Dei 15 åra RV har vore representert i kommunestyret har det skjedd dramatiske endringar i det norske samfunnet. Det er endringar som er gjennomførde av DNA-regjeringa med støtte frå resten av høgresida og vidareført av bondevikingane.

## Klasseskilja har auka

Det har skjedd ein dramatisk auke i klasseskiljet mellom mellom rikfolk og folk flest i Norge:

- ⇒ Den **rikaste** tidelen av innbyggjarane har auka sine inntekter med 28 %. Dei aller rikaste av desse har auka sine inntekter med om lag 50 %!
- ⇒ Dei **midtne** inntektsklassane ("du og eg") har auka sine inntekter med 5-7 %.
- ⇒ Den **fattigaste** tidelen av innbyggjarane har fått redusert sine inntekter med 2 %.

Dette kjem fram i Stortingsmelding nr. 50 – den såkalla Utjæmningsmeldinga. Meldinga seier at ei hovudårsak til auka klasseforskjell er at høginnteksgruppene etter 1992 hatt ein **kraftig auke i aksjeutbyte og vinst av aksjesal**.

Men dette kjem **ikkje** den offentlege økonomien til gode: I 1992 fekk nemleg DNA-regjeringa fjerna all skatt på aksjeutbyte og innført flat skatt (berre 28 %!) på kapital- og næringsinntekt. Det førde og fører sjølvsagt til **at kapitalistane, trass i inntektsauken, betalar mindre skatt**. Slik vert det vanskelegare å oppretthalde og vidareutvikle det vi kallar velferdsstaten og det som er av kommunale tenester (m.a. barnehagar/skular og helse-/sosialomsorg).

## **Kommunane – eit spegelbilete**

Forholdet mellom staten og kommunane, og i kommunane, vert meir og meir eit spegelbilete av dei auka klasseskilja. Staten er som høginnteksgruppene og kapitalistane – kommunane er meir lik mellom- og låginnteksgruppene. Over tid har det utvikla seg eit **statleg økonomisk overskot** – sjølv med låg oljepris er det milliardoverskot på balansen overfor utlandet. I **kommunane er det økonomisk underskot** pga. manglande inntekter. Det skuldast både at staten ikkje overfører nok pengar til kommunane og at staten tek



ein stadig større del av skatteinntektene.

**Dette fører til at det vert vanskelegare å vidareutvikle det vi kallar velferdssamfunnet og det som er av kommunale tenester (m.a. barnehagar/skular og helse-/sosialomsorg). Og det som verre er: Den byråkratiske og politiske toppleiinga i kommunane pressar fram idear og tiltak som svekkar det kommunale tenestetilbodet og økonomien til folk flest.**

Høyanger kommune er diverre ikkje noko unnatak – trass i at kommunen heller er mellom dei rike enn fattigaste. Her skjer svekking av tenestetilbodet gjennom sentralisering – nedleggjing av Lavikdal skule og sjukeheimen i Lavik, og auke i kommunale avgifter/eigendelar som i verkelegheita er ein ikkje-progressiv kommunal ekstraskatt der dei rike ikkje betalar eit øre meir enn dei med vanlege inntekter.

## **SOSIALISMEN**

RV sitt hovudsvar på denne utviklinga er sosialisme. Sosialismen er ei samfunnsform der menneska sine grunnleggjande behov styrer utviklinga og ikkje kva som til ei kvar tid gjev den maksimale profitten. Det er høgt opp og langt fram til eit slikt samfunn. I mellomtida vil RV ta mål av seg til verte det fremste talerøynet for folk flest mot makta – anten makta er i Høyanger rådhus, Regjering/Storting, Norsk Hydro eller Brüssel.

## **RV SITT PROGRAM**

RV stiller til val for å fremje og støtte det arbeidande folket sine krav til Høyanger kommune. RV lovar korkje gull eller grønne skogar, eller at programmet vert innfridd. Programmet syner berre kva standpunkt RV har til nokre av dei sakene vi ser som viktige i komande periode. Vi har valt å konsentrere oss om overordna saker framfor ei endelaus rekkje med lov-

nader i konkrete saker. Desse overordna standpunkta, saman med det innleiande oversynet "Verdt di stemme?", uttrykkjer korleis RV stiller til enkelte stridsspørsmål.

## OPPVEKSTVILKÅR

**Barnehage- og skuletilbodet** er avgjerande viktig for born og unge. Barnehagar og skular er også viktig for foreldra, det vil seie storparten av vaksne samfunnsmedlemar. Kvaliteten på tilbodet seier noko om livskvaliteten i bygda, kommunen og samfunnet.

Samstundes er barnehagar og skular ein stor arbeidsplass. Totalkvaliteten er derfor også avhengig av dei tilsette sine arbeids- og lønstillhøve.

RV vil difor framleis arbeide for eit betre barnehagetilbod tilpassa ungene og foreldra sine behov:

- ⇒ barnehageplassar til alle
- ⇒ tilsetjing av barnehagekvalisert personale
- ⇒ foreldrebetaling meir tilpassa den enkelte sin økonomi.

RV vil framleis arbeide for eit desentralisert og pedagogisk best mogleg skuletilbod. Skulane er også ungene sin arbeidsplass og må vere ein stad dei trivst. Dette oppnår vi best med heimenære skular. I dei fleste bygdelag spelar skulen også ei rolle utover undervisning – den er eit kultursenter.

For RV er det avgjerande at skulen er eit godt pedagogisk tilbod. Dette stiller krav om at:

- ⇒ skulen til ei kvar tid har tilgang til det beste av lærebøker og anna undervisningsmateriell
- ⇒ lærarar må få betre moglegheiter til kurs og oppdatering
- ⇒ tilsetjing av utdanningskvalifisert personale
- ⇒ tilbod/støtte til godt fungerande ufaglærde som vil skaffe seg nødvendig utdanning.

RV vil styrke oppvekst- og ungdomsarbeid. Prioriteringane i ungdomsplanen må realiserast. Eit Ungdomens hus i Høyanger må startast i komande valperiode. Utanom Høyanger tettstad må det satsast på ungdomsklubbar i samarbeid med skulane.

I eit samfunn som set stadig større krav til foreldra, både i arbeidslivet og elles, kan borna lett bli taparane. RV krev difor at bamevernet og PP-tenesta vert tilført meir ressursar slik at dei kan gjere ein best mogleg jobb.

## HELSE- OG SOSIALTENESTER

### Prinsipp

Både helsetenester og sosialomsorg trengst fordi det er  
⇒ tilhøve i arbeidsmiljøet og samfunnslivet som ikkje er slik dei skal vere  
⇒ grupper av menneske som treng ekstra omsorg.

RV går difor inn for førebyggjande arbeid, dvs. eit arbeids- og fritidsmiljø som gjev helse og sosialmessig tryggleik. Helse- og sosialsektoren må innrette meir av verksemda si på å gje folk moglegheit til å endre livssituasjonen og levemåten sin til det betre. Livssituasjonen og levemåten må endrast i mindre helse-/sosialtiltak-krevjande retning.

På den andre sida krev RV at det offentlege betalar kostnadane med å utbetre dei helse-skadane som folk er påført og dei sosiale tiltaka som trengst. RV er grunnleggjande mot privatisering fordi det er umoralsk at kapitalistar skal tene pengar på helse.

RV vil at alle skal ha lik rett til helse- og sosialomsorg. Derfor vil vi fjerne eigendelar som gjer at tilbodet varierer med lommeboka.

Manglande utbygging av helse- og sosialomsorga rammar



ikkje berre den som treng omsorga. Den gjer at familiemedlemar, som regel kvinnene, må gjere ekstraarbeid – ubetalt eller under-betalt. Også derfor meiner RV at det offentlege må ta større ansvar.

Dei fleste helse- og sosialtilsette har både tungt arbeid og låg løn. RV støttar derfor den kampen fagforbund/fagforeiningar fører for fleire stillingar og auka løn.

RV vil leggje desse prinsippa til grunn for alle enkeltdelar av helse- og sosialomsorga.

### **Konkrete hovudkrav**

**Eldreomsorga** må utviklast vidare, slik:

- ⇒ byggjing av ny sjukeheim i Lavik – trengjande i "ytre strok" har same krav på heimenære tilbod som trengjande i tettstaden
- ⇒ utbyggjing av fleire omsorgsbustader – ikkje som erstatning for sjukeheimsplassar, men som eit tilbod for dei ikkje treng sjukeheimsplass, men som ikkje er heilt hjelpe med heime(sjuke)pleie
- ⇒ utvikling av "dagsenterløyisingar" og rehabilitering

**Psykisk helsevern** må prioriterast – minst på linje med andre helse-/sosialtiltak. Planverket må reviderast/rullerast m. a. for å avdekkje dei reelle behova og utvikle tiltaksplan i breidde og djupne. Helse- og sosialtilsette innafor andre område må få tilbod om kurs og skulering i psykisk helsevern.

### **PLANARBEID OG NÆRINGSUTVIKLING**

RV vil arbeide for ei endring der miljø og økologisk berekraft er eit hovumål for både planarbeid og næringsutvikling. Det er ein dyr snuoperasjon som vil stille strenge krav til både enkeltmennesket, kommunen og næringslivet. Det er berre å la utviklinga halde fram, som vil verte dyrare – rettare sagt umogleg å betale seg frå.

Planarbeid som tek utgangspunkt i miljø og økologisk berekraft inneber m.a.:

- ⇒ at kommunen gjennom vedtak og oppfølging tek vare på og utviklar både heilskapar og enkeltelement – dyrka/ dyrkbar jord, utmarksområde, landskapsverdiar og moglegheiter for friluftsliv
- ⇒ at kommunen aktivt hindrar urimelege inngrep i desse områda.

Kommunen må følgje opp dette når det gjeld

- ⇒ eigne investeringar og eiga drift, bustadområde, friluftsområde og infrastruktur
- ⇒ kommunen si handsaming av anna offentleg og privat verksemd (t.d. Hydro).

Når det gjeld næringsutvikling har kommunestyret gjort vedtak om at "*Næringsplanen må ha målsetjinga om ei økologisk berekraftig utvikling som premiss og den praktiske næringslivs-politikken må leggje avgjerande vekt på å utvikle eit grønt næringsliv.*"

Alt dette må no følgjast opp ved at:

- ⇒ næring som verkeleg treng støtte må få det framfor verksemder som har ei sterkare rygg-rad t.d. Hydroverksemdene
- ⇒ næring som baserer seg på fornybare ressursar/råvarer må prioriterast framfor næring som baserer seg på ikkje-fornybare
- ⇒ næring som baserer seg på lokale ressursar/råvarer må prioriterast framfor næring som baserer seg på "kommune-importerte"
- ⇒ næring som leverer produkt på ein lokal eller kommunenær marknad må prioriterast framfor næring som baserer seg på fjemare marknader eller eksportnæring. Næring som har eit godt arbeidsmiljø og utgjer ei lita påkjenning mot naturmiljøet må prioriterast framfor næring som ikkje tek "miljø på alvor".

**HØYANGER RAUD VALALLIANSE SI LISTE TIL  
KOMMUNESTYREVALET 1999.**

1-2	Miljøleiar	Einar Rysjedal	Høyanger
3-4	Industrimekanikar	Ottar Uglum	Høyanger
5-6	Hjelpeleiar	Randi Aven	Høyanger
7-8	Hjelpeleiar	Vidar Halvorsen	Kyrkjebø
9-10	Adjunkt	Magnar Wøien	Høyanger
11	Industriarbeidar	Arild Ullebø	Vadheim
12	Hjelpeleiar	Arne Johnny Søggen	Høyanger
13	Styrmann/student	Arvid Løland	Høyanger
14	Lærar	Berit Karin Løland	Høyanger
15	Sjukepleiar	Eli Gudvangen	Høyanger
16	Industriarbeidar	Jan Sæbø	Høyanger
17	Hjelpeleiar	John Harry Halvorsen	Kyrkjebø
18	Industriarbeidar	Per Martin Gudvangen	Høyanger
19	Montør	Thor Ullebø	Høyanger
20	Student	Tina Sjursen	Lavik
21	Hjelpeleiar	Unni Iversen	Høyanger
22	Industriarbeidar	Geir Kenneth Thomassen	Høyanger
23	Reinholdar	Hector Soto	Lavik
24	Industriarbeidar	Jan Henning Øyehaug	Høyanger
25	Elektrikar	Per Helge Vangsnes	Høyanger
26	Student	Rita Elisabeth Kvamme	Høyanger
27	Førskulelærar	Siv Iren Kvamme	Høyanger
28	Miljømedarbeidar	Svein -Rune Moi	Høyanger
29	Miljømedarbeidar	Terje O. Norevik	Høyanger
30	Pleiar	Tor Widsten	Kyrkjebø
31	Arbeidsleiar	Vidar Grimelid	Kyrkjebø

**RØYST RAUD VALALLIANSE**


**VED KOMMUNESTYREVALET 1999 !**



Stem inn dobbelt så mange opprørarar !



2. kandidat  
Ottar Uglum



1. kandidat  
Einar Rysjedal

Då vert vi dobbelt så opprørske

**Med folk – mot makta !**

Høyanger Raud Valallianse  
Kommunestyrevalet 1999

Internett : <http://m1.2577.telia.com/~u257700599/rvh.htm>